

Vellukka omorganisering av klubbane

28.02.2012



**Omorganiseringen av dei kommunale ungdomsklubbane  
har vore vellukka. Det fastslår ungdomsarbeidar Geir Remme etter  
dei første tysdagane i Uskedalen med det nye opplegget.  
Berre 5 møtte i kveld, men dei har vore oppe i 10. og Remme er  
for Uskedalen godt fornøgd med  
satsinga på seinka aldersgrense til fylte 12 år og klubbkveldar  
på tysdagane.**

4 av dei 5 som kom på loftet i Gamleskulen i kveld var 12 år og  
1 var 14 år. Remme konstaterer at dei eldste er ,meir mobile og  
rastlause og helst dreg til Rosendal eller Husnes medan dei yngre  
heller blir i bygda og går på klubb her.

Klubbane i Uskedalen og Rosendal blir betrakta som eit samla tilbod der  
Rosendal har ope 3 kveldar i veka - også fredagar - og framleis med 8.  
Klasse som aldersgrense.

Ved biljardsbordet står dei 5 som kom ikveld.  
Dei er Sondre Stensletten Myklebust (12),  
Kjarten Elias Tungesvik (14). Robert Nilsen Stensletten (12), Karsten  
Andre Haugland (12) og Emil Bakke Berntsen (12)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen